



Også i Uskedalen er det grunn til å venta "Spell mellom fjell" når Liv Signe Bleie Ulvestadbakken har overteke taktstokken i skulemusikken. Her står ho med kornetten sin, som ho trakterer meisterleg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ho er ikkje i tvil om at ho er kvinnhering, Liv Signe Bleie Ulvestadbakken (28), sjølv om ho var borte frå Rosendal frå ho var 12 til ho hadde fylt 27. Og no går den dyktige kornettisten inn for å markere seg sterkt i musikklivet på heimebane, som dirigent for skulekorpsa både i Rosendal og Uskedalen.

- Og du er garantisten for at samarbeidet mellom dei to korpsa held fram?
- Du tenkjer på NM-samspelet? Styra får avgjera om det skal samarbeidast vidare om dette eller andre prosjekt. Det er jo kjekt med samarbeid, men det får komma naturleg, ikkje som resultat av eit press dersom det ikkje passar.

På fuskelappen vår om Liv Signe står det mellom anna at ho er rasande flink på kornetten sin og at ho er ei dame med mange idear som kan koma korpset til gode. Til desse formuleringane har ho forståeleg nok ingen kommentar, men vi har all grunn til å tru at dei er korrekte.

Ho fekk låt i kornetten allereie som tre-åring. Brødrene hennar spela ess-kornett og baryton og var dei store inspiratorane saman med musikk lærar Rolf Lothe på Malmanger skule. Då ho kom til Masfjorden som 12-åring, vart ess-kornetten hennar val, men sidan har ho også spela b-kornett og trompet – i lag med Jazzverket. I Bergen (dit ho flytta i 1997) har ho spela i toppdivisjonen – med Krohnengen Brassband. Ho er mykje nytta som solist.

Utdanninga si i musikk har ho frå Bergen Lærarhøgskule. Ho tok lærarskolen først og eitt år med musikk etterpå.

Liv Signe kom attende til heimstaden i fjor som lærar ved Malmanger skule, men no går ho over i 80 prosent stilling i kulturskolen. Ved siden av dei to dirigentjobbane skal ho ta seg av aspirantar og undervise i grunnkurs og musikkleik.

Mannen hennar, Petter Ulvestadbakken frå Sotra, er inne i siste fase av lærarutdanninga si. Saman har dei Sigmund på fire år og no er heile familien på plass i Rosendal. Allereie i fjor spela Liv Signe ein del saman med Rosendal Musikklag A.

- Og så var det dette med ideane...

- Ein må prøva å finne moglegheiter slik at ungane kan yta sitt beste. Interesse for korps er for nedadgåande og det gjeld å finne på noko som engasjerar og er morosamt. Det kan vera musikk som passar til aldersgruppa, men også andre innslag, til dømes teater. Det er mykje ein kan friska opp korpsverksemda med. I vår fann vi til dømes på noko morosamt i Rosendal – vi laga ein parodi på musikkfestivalen som vi kalla "Spell mellom fjell".

**Av Ola Matti Mathisen**